



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1973

Navnet på vatnet Grød vatnet  
Kommune ..... Bæverfjord

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## G R O D V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 14. august 1973.

Vatnet ligg i Karmøy kommune, på nordsida av vegen mellom Kvalavåg og Skeie, og med Revadalen i sør.

Arealet er omlag 6 ha. og h.o.h. 24 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn, der største djup neppe er over ca. 10.0 m.

Stranda består for det meste av stein og fjell, med noko sandstrand innimellom.

Gjermebotn dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, flotgras, nøkkeroser, snelle m.v. er vegetasjon ein vil finna frå stranda og utover.

Nedslagsfeltet femner om snaumark, myr og fjell, men og ein del kulturskog på aust- og vestsida.

Noko hovudtilsig har ikkje dette vatnet, men div. småbekker fell inn ymse stader.

Avlaupet renn ut i nord, og går til Visnesvatnet, som er sterkt forurensa av gruvedrift.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 6.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul, som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 7.0, nøytralt vatn, og som er heilt ideelt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 4.5 mg/l og den totale hardheita 10.3 mg/l. Dette er bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Leiingsemna  $K_{18} = 100.4 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 1 musling, 2 vårflugelarver og 3 fjærmygglarver tilsvarande 60 individ pr. m<sup>2</sup>.

5.0 meteren gav som resultat 68 fjærmygglarver eller 680 individ pr. m<sup>2</sup>.

For å få greie på kva fisken egentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne plankton (linsekreps), døgnflugelarver, myggpupper, lufttinnsekte, augnestikklarver, biller, vannymfelarver og stingsild.


#### Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, med planktonhov, og resultatet var ein fattig prøve.


#### Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvassaure, stingsild og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 61 aurar. Fordeler vi fangsten på omfara vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå ut som synt nedanfor.



Det vart teke prøver av i alt 21 aurar, og av desse var 3 lys-rede resten kvite i kjøttet.

Av prøvefiskane var 13 hofiskar og 8 hanfiskar.

2 av fiskane var angripne av parasittar (måkemark).

Vidare var 10 gjellfisk og 11 gytetfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

#### Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.0	9.2	15.2	19.2	20.9	17.2
Årleg lengdetilv. i cm	4.0	5.2	6.0	4.0	1.7	3.7
Antall fiskar	21	21	21	19	6	1

Medel kondisjonsfaktor = 0.99 tilseier fisk av medels bra kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Grod-vatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, ligg lengdetilveksten for fisken i Grodvatnet stort sett under normalen like frå første året av. Den knekken kurven gjer ved 5 års alder kan ein sjå bort frå, då det berre er 1 fisk som forårsakar dette. Det er grunn til å tru, at den forlenga lina frå 5-års alder er meir representativ for fisken i Grodvatnet. Fisken går mot ei maksimallengd på ca. 24 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilheva skulle liggja vel tilrette for fiskeproduksjon i Grodvatnet. Vidare at fiskebestandet i dag er noko i overkant av vatnet si bæreemne. Dei kjemiske tilheva er gode, men botnprøvene gav eit noko magert resultat.

Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, syner at det er småfisken som fullt ut dominerar.

Som kjent er det nedslagsfeltet som i stor mon er avgjerande for

næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet tilgode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Grodvatnet ser noko magert ut, men når tilhøva likevel er gode, kjem det av bergartene i undergrunnen. Div. mineral- og kalkstoff vil såleis bli tilført vatnet.

Ser vi på fisken i Grodvatnet, så er denne småfallen, men elles av godt brukande kvalitet. Gyteteilhøva er gode i avlaupsbekken og det er stort sett her rekrutteringa til vatnet foregår. Under ei synfaring av gytebekken vart det sett mykje yngel og småfisk. Det vil såleis årleg koma nye årgangar med småfisk ut i Grodvatnet og blir ikkje denne tilveksten hausta, gir den seg uttrykk i eit småvaksebestand. Det er dette som er tilfelle i Grodvatnet i dag.

Ved å redusere fiskebestandet noko, vil den einskilte fisken få betre tilhøve og fylgjeleg betre vekst.

#### Praktiske tiltak.

For å rette på tilhøva i Grodvatnet, må ein drive eit noko hardare fiske i åra framover, enn tilfellet har vore til denne tid.

Kjøp inn 2-3 småmaska garn (omf. 28-32) og sett desse i nærleiken av gytebekken om hausten. Ein vil då få ut ein stor del av gytefisken og vidare den årgangen med yngel og småfisk som ville ha kome frå desse. Ved å drive dette garnfiske 2-3 år framover vil mykje ha retta på seg.

Vatnet er lite og oversikteleg, slik at ein ved hjelp av garnfiske vil kunne føre fiskebestandet til det nivået ein sjelv ynskjer. Det er grunn til å tru, at ein etter få år vil få fram eit godt fiskebestand i dette vatnet.

Stavanger 22/2 1974

Einar Berg